



## Voldelig mobb brente bibler, kirker og hjem. Kan Pakistans kristne noen gang få slippe frykten?

Side 12-15

Solveig Leithaug: På ny turné med Stefanusalliansen **2** | Leder: Farlig allianse mellom makt og tro **3**  
Nord-Korea: Hjelper flyktninger – også når ingen andre kan **4** | Kina: Kirker under hardt press **6**  
Trosfrihet: FNs Nazila Ghanea slåss mot fordommer og forfølgelse av religiøse minoriteter **16**

**stefanus**  
alliansen



sammen for de forfulgte

– Eg er glad for invitasjonen til å dele denne reisa med Stefanusalliansen, seier Solveig Leithaug.

Foto: TV Inter/TBN Nordic

# SYNG FOR DEI SOM IKKJE FRITT KAN TRU

Solveig Leithaug dreg på hausttur med Stefanusalliansen.

TEKST: MARIANNE HAUGERUD

■ **Stefanusalliansen held fram** det gode samarbeidet med Solveig Leithaug. Denne hausten blir det fleire konsertar der de kan høyra Solveigs vakre songar og få meir informasjon om arbeidet til Stefanusalliansen. Konsertserien har ho kalla «Haustkveld».

– *Kva ser du mest fram til med denne turnéen, Solveig?*

– Eg kjenner på ei forventning – eg ser verkeleg fram til møte med menneske i bygder og byar på denne haustturnéen. Det er ein del nye stader denne gongen, og det er alltid stas. Eg ser fram til å sjå vener og folk frå familien min også langs turnévegen. For meg som bur i Nashville til dagleg, er slike møte viktige. Dessutan set eg stor pris på å opptre saman med andre artistar og kor.

Leithaug skal syngje saman med mellom andre Bjørø Håland og The Voice-vinnar Erlend Gunstveit. Ho skal også opptre saman med koret Voice of Joy og Hånes mannskor.

– Eg skal dessutan ha konsertsamarbeid med musikalske vener frå «Alle Tiders Sanger». Me opplevde eit sjeldan sterkt og genuint varmt fellesskap under TV-innspelinga i Nashville. Programmet vart sendt på NRK i



pinsa og no i august i Sverige på SVT. Det vert gjensyn i haust med mange av dei som var med.

– *Vi i Stefanusalliansen gler oss også over samarbeidet med deg. Kvifor tenkjer du at dette samarbeidet er viktig?*

– Eg opplever at det er viktig å setja lys på dei som ikkje har fridom til å uttrykke sine tankar om tru utan å vera i fare for liv og helse. Jesus ber oss om ikkje å gløyma dei. Eg set pris på Stefanusalliansen og dykkar innsats i land der menneskerettar ikkje er sikra. Under konsertane desse haustkveldane vert eit par historier fortalde innimellom songar som eg har skrivne eller salmar som eg er glad i. Det kjennest på eit vis «smått», men det er det eg kan gjere no. Eg er glad for invitasjonen til å dela denne reisa med Stefanusalliansen og invitere mitt publikum til å læra meir om arbeidet også. Det var ei svært fin oppleving å samarbeida under konsertane «Håp og lys i vinternatt» før jul i fjor, seier Solveig Leithaug.

No står «Haustkveld» for tur frå 15. september til 15. oktober, og frå 17. til 30. november. ■

## Her blir det konsertar

Sjå oversyn over konsertstader.

Side 23

**Utgiver:**  
Stefanusalliansen

**Adresse:**  
Trondheimsveien 137,  
pb 6603 Rodeløkka,  
0502 Oslo  
post@stefanus.no

**Telefon:**  
23 40 88 00

**Ansv. redaktør:**  
Johannes Morken  
jm@stefanus.no

**Redaksjon:**  
Hilde Skaar Vollebæk  
Marianne Haugerud  
Eva Frydenborg

**Framsidedfoto:**  
Fortvilt kristen etter  
angrep på Jaranwala,  
Pakistan, august 2023.  
Foto: Pakistansk aktivist

**Design:**  
Von: Bendik Schøien

**Trykk:**  
Kai Hansen Trykkeri

**Opplag:**  
16 600

**Gavekonto:**  
3000 14 57922

**VIPPS:**  
19013



Stefanusalliansen er en misjons- og menneskerettsorganisasjon med et særskilt fokus på trosfrihet.

Synspunkter i artikler står for forfatteres og intervjuobjekters regning. Stefanusalliansens meninger kommer til uttrykk i artikler skrevet av staben.

Vi følger personopplysningsloven.

**Magasinet kommer gratis sju ganger i året.**  
Bestill med SMS: MAGASIN til 2377 eller post@stefanus.no

Tilgjengelig som podkast. Kontakt KABB:  
kabb@kabb.no

[www.stefanus.no](http://www.stefanus.no)  
f/stefanusalliansen  
@stefanusalliansen

# VANHEILAG ALLIANSE

■ **Når religiøse leiurar** går i vanheilag allianse med makta, er det farleg for etniske og religiøse minoriteter. I Norge, Iran og India.

Norsk historie om handsaminga av etniske og religiøse minoritetar er ikkje lys. Overgrepa går også djupt inn i Den norske kyrkja. Sannings- og forsoningskommisjonen har avdekt at Eivind Berggrav som biskop i Hålogaland (1928-37) var den ivrigaste av biskopane til å støtta fornorskingspolitikken retta mot samar og kvenar. Biskopen såg kvenane som aggressive og som ein tryggingspolitisk trussel, i ein tenkt allianse med Finland mot Norge.

Berggrav gjekk difor inn i eit nært samarbeid med den militære etterretningstenesta. Han fekk ei sentral rolle i å samla inn informasjon om kvenane, med hjelp av prestar og lærarar.

## Be om orsaking

Det er smertefullt å lesa om biskop Berggravs allianse med statens etterretningsvesen. Eg tek det for gitt at Den norske kyrkja tek eit oppgjær og nye steg mot forsoning. Staten må også ta sine tydelege oppgjær og følgja opp med tiltak, for å skapa forsoning.

Å stempla etniske og religiøse minoritetar som ein tryggingspolitisk trussel er ein kjent mekanisme. Vi ser det i grufulle valdsbølgjer i India der kristne stammefolk vert angripne av krefter som vil skapa eit India kun for hinduar. Vi ser det i Iran der bahá'íar og kristne konvertittar vert dømde til fengsel etter tiltalar om at dei handlar mot nasjonal tryggleik eller er agentar for utanlandske makter og utanlandsk religion. I sommar har det vore nye arrestasjonsbølgjer retta både mot bahá'íar og kristne.

## Viktige skilnader

Biskop Berggrav ville vinna kvenane og samane utan tvangsmiddel, mellom anna ved

å støtta dei materielt. Vi skal difor ikkje setja likskapsteikn mellom biskopen og valdelege hindu-ekstremistar i India eller eit brutalt ayatollah-regime i Iran.

Men det er likevel viktige fellestrekk: Skuldinga er at etniske og religiøse minoritetar mellom anna utgjær ein trussel mot nasjonal tryggleik. Og religiøs og politisk makt går hand i hand i undertrykkinga. Det har vi sett i Manipur i India der religiøst hat i sommar er brukt for å fyra opp ein gamal etnisk konflikt om land og ressursar. Over 60 000 blei jaga på flukt, og over 300 kyrkjer er brende ned.

## Vår eiga dør

Andre lands herskarar vil kunna påstå at sidan vi også har sett på minoritetane våre som eit problem, skal vi halda munn når dei undertrykkjer minoritetane sine.

Halda munn skal vi ikkje. Vår eiga mørke historie gjer derimot at vi kan forstå mekanismene i undertrykkinga. Men då må oppgjær med overgrep vera så tydeleg at det ikkje er tvil om at vi feiar for vår eiga dør. Denne feinga kan så bli ein styrke i kampen for trusfridom og religiøse og etniske minoritetar.

Det er tid for å vedkjenna urett. Slik kan vi rusta oss for endå sterkare innsats for dei som lid under forfølgjing i land vi ikkje vil samanlikna oss med. ■



Over 60 000 blei jaga på flukt, og over 300 kyrkjer blei brende ned i Manipur i India.



■ **Johannes Morken**  
Redaktør





Staben i Helping Hands Korea og kyrkja Catacombs hjelper flyktningar, og dei sender også frø inn i Nord-Korea for at folk skal kunna dyrka mat. Tim A. Peters til høgre.

Foto: Catacombs/Helping Hands Korea

# HJELPER DESPERATE PÅ FLUKT

Tim A. Peters og teamet hans har gjennom 27 år berga kanskje så mange som 3000 desperate flyktningar frå diktaturet i Nord-Korea.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ – Vi har ikkje fullstendig oversikt, men eg er sikker på at talet ligg ein stad mellom 2000 og 3000. Det er eit kvalifisert overslag, seier Peters til Magasinet Stefanus i eit videointervju frå Seoul i Sør-Korea.

Hjelpearbeidet til Helping Hands Korea (HHK) har aldri vore så omfattande som det var i åra med pandemi. Mange andre aktørar måtte innstilla hjelpa til menneske på flukt fordi fluktrutene ikkje kunne brukast

på grunn av forsterka kinesisk kontroll og nye restriksjonar.

## «Eit mirakel»

Då gjekk langt fleire naudrop enn nokon gong til HHK, som har ulike ruter med hjelp av koreansk-kinesiske kyrkjer og andre hjelparar i Kina. Over 600 nordkoreanske flyktningar er blitt redda i tryggleik sidan starten av 2020. Av dei 229 flyktningane som i år 2020 vart tekne hand om av South Korean Unification Ministry etter at flyktningane kom til Sør-Korea, hadde 203 fått hjelp nettopp av HHK.

– Det er eit mirakel at arbeidet vårt kunne halda fram under pandemien, seier Peters.

## Hjelp i 27 år

I 1996 etablerte Peters organisasjonen Helping Hands Korea (HHK). Flyktningar frå Nord-Korea står i konstant fare for å bli grovt utnytta av kinesiske arbeidsgjevarar. Dersom dei blir oppdaga av kinesisk politi, blir dei sende med tvang tilbake til fangeleirar Nord-Korea. Under pandemien var grensa mot



## Menneskehandlarar selde meg til ein kinesisk mann.

*Young-sook, nordkoreansk flyktning*

Nord-Korea stengt. På grensa sit kring 2000 internerte, ifølgje Wall Street Journal.

Mange flyktningar vert gøymde av uregistrerte koreansk-kinesiske kyrkjer i Kina. HHK brukar hemmelege fluktruter fram til Yunnan-provinsen sør i Kina. Der vert flyktningane tekne vidare gjennom Laos og så til Thailand, før flyturen går til Sør-Korea.

Peters og staben koordinerer operasjonane frå Seoul. Først vel dei ut flyktningar:

– Vi ser alltid etter dei mest sårbare: kvinner med barn, fortel Peters. Også nokre eldre og menneske med funksjonshemmingar får hjelp.

### Ny menneskehandel

Sist vinter blei Kinas pandemi-stengde grenser opna igjen. Det inneber også at handel med kvinner som vert tvinga inn i ekteskap med kinesiske menn, tragisk nok starta opp att.

Kvinner frå Vietnam, Myanmar og Nord-Korea vert frakta til Kina – eller dei flyktar sjølve frå Nord-Korea. Kina lid under eit stort underskot av kvinner. Eittbarnspolitikken rådde lenge – med mellom anna stort omfang av abort av jentefoster i familiar som ville ha ein gut som einaste barn. Mange nordkoreanske kvinner på flukt er blitt selde til kinesiske menn.

At menneskehandelen har starta opp att, merkar også Tim A. Peters og Helping Hands Korea. I juni i år var ei kvinne og dottera hennar del av ei gruppe som fekk hjelp ut av Kina.

Dei to flykta frå Nord-Korea i 2012. Kvinna vart seld som brud til ein kinesisk mann. Kvinna og dottera flykta frå mannen i 2019. Men kvinna klarte ikkje å finna arbeid utan ID-papir og vaksinesertifikat. I juni i år fekk ho HHK-hjelp til flukt ut av Kina.

### Hjelp til flukt

Kvinna Young-sook, som fekk hjelp i fjor, fortel her si historie:

«Eg flykta til Kina i 2016. Menneskehandlarar selde meg til ein kinesisk mann. Han driv byggjearbeid, og forventa at eg skulle arbeida i firmaet hans. I 2019 skada eg det eine beinet mitt på ein byggeplass. Eg trengde medisinsk hjelp i seks månader, men eg kunne ikkje få den behandlinga eg trengde fordi eg som avhoppar frå Nord-Korea manglar ID-kort. Eg byrja å ta meg fram på eitt bein. Det fekk mannen, som eg budde i huset til, til å sjå ned på meg fordi eg ikkje klarte å bruka begge beina. Og endå verre – han diskriminerte meg på grunn av dette. Difor stakk eg av.»

I ein annan by gav kristne henne arbeid på kjøkkenet til ei kyrkje. Men den uregistrerte kyrkja vart stengt av regimet. Kvinna hadde ingen stad å gjera av seg.

I si naud bad ho Helping Hands Korea om hjelp. Young-sook vart teken med i ei gruppe der også ei enke, Kim, saman med den utviklingshemma sonen, Jae-Hoon, kom seg trygt ut.

Midlar frå Stefanusalliansen sikra desse tre og 42 andre avhopparar fridom i 2022. Helping Hands Korea har vore støtta av Stefanusalliansen i meir enn 15 år.

– Herren har leia oss gjennom «minefelt» av vanskar og hjelpt oss til å gjennomføra prosjekta, ofte med Guds innovative taktikkar for å unngå hindringar. Gud arbeider alltid best, seier Peters.

### «Vi er takksame»

I avisa Dagen blei pastor Seungeun Kim i Caleb Mission intervjuet i sommar. Han fortalde at han gjennom 20 år hadde hjelpt over 1000 menneske i tryggleik – og brukt same fluktrute alle åra.

Men då pandemien kom i 2020, måtte dei stengja ruta. Han fortalde at han prøver å finna ei ny rute.

Helping Hands Korea hadde altså i same periode hjelpt over 600 flyktningar.

– Vi er takksame for å kunna hjelpe, seier Tim A. Peters. ■



Herren har leia oss gjennom 'minefelt'.

*Tim A. Peters*

Uregistrerte kyrkjer i Kina vert stempla som illegale. Pastorar som samlar inn pengar, vert difor i aukande grad tiltalte for svindel eller illegal forretningsdrift.

TEKST: JOHANNES MORKEN



Illustrasjon: Badiucao for CSW. Badiucao er ein kinesisk dissidentkunstnar busett i Australia.

# PASTORAR SKULDA FOR SVINDEL

■ **Regimet vil knekkja** kyrkjene som ikkje vil innordna seg statleg kontroll. Uregistrerte kyrkjer som ikkje vil gå inn i den offisielle Tre sjølv-kyrkja, vert stempla som illegale.

I mai 2021 kom nye direktiv. No kan berre religiøse leiarar som er godkjende av regimet utføra godkjende religiøse aktivitetar. Og det må skje på godkjende stader.

## Meir tvang

Regelverket er, ifølgje ein kinesisk menneskerettsadvokat, «endå eit våpen i arsenalet» til Kinas styresmakter for vilkårlig trakassering og forfølgning av religiøse leiarar, både statsgodkjende og uregistrerte.

Regelverket skal tvinga registrerte kyrkjeleiarar til å følgja partilinja. Dei uregistrerte skal tvingast til å bli registrerte og slik bli underlagt statleg kontroll, skriv trusfridomsorganisasjonen CSW, som Stefanusalliansen samarbeider med.

Desse reglane kom vel tre år etter den nye religionslova i februar 2018. Ein av dei som kritiserte lova var pastor Wang Yi i Early Rain-kyrkja i Chengdu. Han blei arrestert i september 2018. I romjula året etter blei han dømt til ni års fengsel. Han vart dømt for å ha «oppmoda til å undergrava statsmakta» og for «illegale forretningsverksemd».



## Kyrkjelyden blei raida av meir enn 100 politifolk under ei familiesamling.

Den første av desse skuldingane er mykje brukt mot menneskerettsaktivistar. Den andre er blitt eit meir og meir brukt våpen mot uregistrerte kyrkjer. Det å samla inn gåver eller kollekt er ulovleg sidan kyrkja er stempla som illegal organisasjon.

– Sjølv sagt vil det vera reelle svindelsaker blant pastorar i Kina, som andre stader. Men det faktum at rettssystemet i Kina ikkje garanterer rettferdig rettargang, kompliserer det heile. For dersom alle kyrkjeleiarar kan bli skulda for svindel eller illegal forretningsdrift berre for å samla inn kollekt, blir pastorar – særleg i uregistrerte kyrkjer – sårbare for vilkårleg innblanding, trakassering og til og med fengsling, uttalar CSW.

### «Illegal organisasjon»

Eit ferskt døme:

I juni blei tre leiarar i Linfen Covenant Church i den nordlege Shanxi-provinsen skulda for å ha danna ein kriminell «klikk» og for å skaffa kyrkja «ulovlege inntekter». Kyrkja hadde nekta å gå inn i den statsgodkjende Tre sjølv-kyrkja.

Pastorane Li Jie og Han Ziadiong har ikkje attest som statleg godkjende, slik regimet no krev. Dei er difor skulda for å ha danna ein «illegal organisasjon» som driv «illegal aktivitet». Dei er også skulda for å ha «lokka» folk til å gje tiende eller takkegâver, melder China Aid.

Kyrkjelyden vart raida av meir enn 100 politifolk under ei utandørs familiesamling med kring 70 deltakarar i august fjor. Dei to pastorane vart internerte og så formelt arresterte i september, ifølgje CSW. Wang Qiang, ein annan leiar, vart internert i november og formelt arrestert i desember. Alle er skulda for svindel. Ifølgje China Aid er dei blitt utsette for tortur for å tvinga fram falske tilståingar. Kyrkja sjølv har sendt ut eit skriv der dei tek avstand frå at tiende eller andre gåver kan nyttast som årsak for skuldingar om svindel.

### Tvang og trakassering

CSW skriv at kyrkja vart utsett for press frå politiet i eit halvt år. Det vart brukt tvang og trakassering mot tilsette, mot familiane til leiarane og mot slektingane til dei tre arresterte. Også konene til dei to pastorane var internerte i fleire veker, mistenkte for svindel, før dei blei sette fri mot kausjon.

No er det reist tiltale mot dei to pastorane Li Jie og Han Ziadiong og mot Wang Qiang.

Kyrkja skriv at trusfridommen, som er garantert i grunnlova i Kina, er omgjort til «religiøst fangenskap og svindel». Kyrkjelyden skriv også at «ei kyrkje som trur på Gud, er blitt utskjelt som ein 'kriminell klikk'».

### Politirazziaer

Li Jie var ein av dei pastorane som i 2018 signerte eit opprop mot den nye religionslova, som førte til endå hardare press mot kyrkjene. Pastor Wang Yi i Early Rain i Chengdu var ein av dei som starta protesten. Han har sete i fengsel sidan desember 2018.

Early Rain-kyrkja blei stengt i desember 2018, men kyrkjelyden har halde fram i mindre grupper – og opplevd mange politiraid. I juni i år vart medlemmer av kyrkja nekta å koma inn i husværa sine i ei blokk i Chengdu. Vakter og andre overfall dei på gata. Eigaren av blokka er, ifølgje kyrkjelyden, under press frå regimet for å kasta ut kristne.

– Som kristne er vi lovlydige. Vi har aldri vore for seint ute med å betala husleiga eller straumrekninga. Dei vil nekta oss å bu her berre på grunn av trua vår, seier familiane.

Tre medlemmer av kyrkja blei internerte i mars i år. Dei er skulda for å ha stått bak «aktivitetar i namnet til ein forboden sosial organisasjon».

Ein dom for svindel kan gje meir enn 10 års fengsel.

Dette er ikkje berre kvardagen, men også søndagen, for kristne i uregistrerte kyrkjer i Kina. Men trua klarar regimet ikkje å knekkja. ■





Illustrasjon: Badiucao for CSW

# PRESTAR UNDER PRESS

Prestar og pastorar som protesterer mot undertrykking, vert fengsla. Andre tilpassar seg og håpar på ei betre framtid.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ **Kommunistregimet i Kina** har alltid vore skeptisk til protestantiske kristne, påpeikar Sarah Lee i China Source – ei plattform for å spreia kunnskap om kyrkjelivet i Kina.

Etter at Kina tapte den første opiumskrigen i 1842 og Nanjing-avtalen med makt legaliserte evangeliske kristne, har protestantisk kristendom minna Kina om vestleg imperialism og nasjonal audmjuking.

Sidan kommunistane kom til makta i 1949 har all religionspolitikk handla om å gjera godtekne kyrkjer «sjølv-styrte, sjølv-støttande og sjølv-utbreiande». Dette har gitt den statskontrollerte kyrkja namnet Tre sjølv-rørsla.

Skepsisen skuldast også at religion blir sett på som ein ideologisk trussel fordi kristne er lojale til ein annan autoritet enn kommunistpartiet. Protestantiske kyrkjer har dessutan





## Mange kyrkjeleiarar vedgår at materialisme og sekularisme er eit større trugsmål enn statleg forfølgjing.

Shuya Kim

vore i så kraftig vekst at dei er blitt sett på som ein trussel som eit stort sivilt samfunn utanfor kontroll av kommunistpartiet.

### Pendel av forfølgjing

Situasjonen for kyrkjer i Kina har svinga sterkt. Under den blodige kulturrevolusjonen vart mange prestar arresterte og kyrkjene totalt forbodne. Etter at denne tragiske delen av kinesisk historie tok slutt i 1976, fekk Tre sjølv-kyrkja lov til å etablera seg igjen. Det første tiåret etter år 2000 tolererte regimet svært mykje. Uregistrerte kyrkjer i større byar tok i bruk store kontorlokale til gudstenester.

Men så kom Xi Jinping til makta for ti år sidan, og med han kom ei forfølgjing som er den verste sidan kulturrevolusjonen. Dei store uregistrerte kyrkjene på gateplan i større byar er i tur og orden stengde. Mange prestar er fengsla.

Mange kyrkjer, også i Tre sjølv-rørsle, er rivne. Tusenvis av krossar er rivne og erstatta av kinesiske flagg. Prestane i Tre sjølv-kyrkjer har fått pålegg om å spreia sosialisme og følgja partilina.

Xi-regimet har utvikla eit arsenal av reguleringar, ikkje minst for å få kontroll på den raskt veksande protestantiske kristendommen. Overvaking av preiker har lenge vore praktisert. Men det er stor skilnad på at lokale tenestemenn brått kunne dukka opp under gudstenester til at overvakingkamera er installerte og overvaking er gjort til noko daglegdags, påpeikar Sarah Lee i China Source. Mange prestar som protesterte mot ulike former for undertrykking, er bura inne. I tillegg er kontrollen sterk med religion på internett. Lee er kinesar med arbeid ved Baylor-universitetet i Texas.

### Prøver å tilpassa seg

Nettstaden China Source samlar breid kunnskap om kinesisk kyrkjeliv. Sarah Lee fortel at prestar i Tre sjølv-rørsle får signal om kva som er akseptabel oppførsel. Dei fortel at dei prøver å tilpassa retningslinjene til trua og kyrkjelivet. Saman med ein kollega har Lee intervjuva prestar og

Pastorane veit at dei aldri vil kunna prova at dei er uskuldirige når dei får skuldingar mot seg, skriv Lee. Difor prøver mange aktivt å dempa uroa for at protestantisk kristendom blir sett på som ein ideologisk trussel og som store, trugande forsamlingar utanfor kommunistpartiets kontroll.

Prestar i Tre sjølv-kyrkjer fyller ofte preiker med ufarlege moralske appellar, medan prestar i uregistrerte kyrkjer løftar fram Gudsriket, oppstoda og livet etter døden, fortel Lee. Men begge gruppene held seg i aukande grad unna sosiale og politiske spørsmål og tema som kan irritera kommunistpartiet. Dei held seg no også unna kollegaer som ope protesterer mot restriksjonar. Dei har dessutan redusert kontakten med utlendingar, og inviterer ikkje lenger utlendingar til å preika.

### For å overleva

Desse tiltaka er, skriv Lee, ei tilpassing for å overleva. Men det er og eit ønskje om å gjera kristendommen kinesisk og å erfara kva Guds plan er under forfølgjing.

– Mange av dei vi intervjuva uttrykkjer at dei er stolte av og innstilte på å byggja ei kinesisk kyrkje.

Mange prestar har delt forsamlingane opp i små grupper for å unngå store forsamlingar som vert oppfatta som ein trussel. Kritikarar meiner dette reduserer fellesskapet. Andre meiner at store kyrkjer ikkje eignar seg i Kina. Somme meiner det var feil å importera megakyrkje-ideen frå USA og Sør-Korea for 30 år sidan.

Mange prestar har også slutta å delta i nettverk med andre prestar, som var viktig i mange år.

– Med eller mot sin vilje har desse pastorane blitt partnarar som set regimets politikk ut i livet. I beste fall viser desse pastorane veg mot sameksistens og redusert konflikt i Kina. Men tilpassinga har så langt vore einsidig. Pastorar har styrt unna alt som kan oppfattast som opposisjon. Uheldigvis er det så langt få teikn til at strevet deira blir møtt med positiv respons, skriv Lee.

### Biletet er ikkje svart

Men livet for kristne i Kina handlar ikkje berre om statleg undertrykking. Motsett India, der ekstremistisk mobb ofte går til angrep, skjer sosial fiendskap mot kristne sjeldan i Kina, skriv China Source, og som difor ikkje vil teikna eit svart bilete for kristendom i Kina.

Det er heller ikkje berre statleg press som trugar kyrkjene.

– Mange kyrkjeleiarar vedgår at materialisme og sekularisme er eit større trugsmål enn statleg forfølgjing, skriv Shuya Kim, ein koreanar med bakgrunn frå misjon i Kina.

Som under kulturrevolusjonen er Kinas kristne under hardt press.

– Dei er ikkje mainstream, men dei står ved sida av krossen for å vitna for vår Gud og halda ut, slik at dei igjen kan oppleve sann vekking, skriv Kim. ■

# GRÅT PÅ GANGEN I RELIGIONSTIMEN



*Maleri av  
billedkunstneren  
Reidar Kolbrek.*

En syv år gammel gutt trodde han var straffet da han, som den eneste, ble sendt på gangen mens resten av klassen skulle ha muslimsk religionsopplæring.

TEKST: JOHANNES MORKEN

■ **Scenen er hentet** fra en egyptisk skole. Klassen var gjennom sin første skoleuke da det var tid for den første timen med religionsundervisning. Det var oppstått vennskap i klassen.

Men da religionstimen kom, ble syvåringen sendt ut av klassen. Han fikk ikke vite noe om hva han skulle gjøre. I en halv time satt han og gråt utenfor klasserommet.

– Han trodde han var straffet, sier «Jennifer». Hun er guttens mor og leder for Stefanusalliansens partner som arbeider med barn. Av sikkerhetsgrunner bruker vi ikke hennes egentlige navn.

### Barna forstod ingenting

Da rektor fikk høre fra «Jennifer» og en av lærerne hva som skjedde, viste hun stor medfølelse, for slikt skulle ikke skje. Men hennes løsning var å dele klassene etter religion, og ikke bare i religionstimene. Elevene forstod ikke hva som hadde skjedd. Det ble, sier «Jennifer», ikke tatt noen hensyn til integrering eller kjønn, kun religion.

– Som syv år gammel ble han og hans klassekamerater segregert etter religion. Min sønn kom med så mange spørsmål som jeg ikke var forberedt på, i alle fall ikke fra en syvåring. Han spurte hva religion er, siden han ikke fikk gå i klassen med dem han var blitt kjent med. Han spurte hvorfor det var så få i hans klasse og så mange i andre klasser. Han ville vite «hva som er galt med oss» siden vi er satt i egne klasser, forteller «Jennifer».

Nå er gutten blitt ni. I år samlet skolen overraskende nok klassene slik de var i starten. Så skilles de på nytt i religionsundervisningen.

– Men skaden var allerede skjedd. Som mor opplever jeg at mine rettigheter er brutt. Jeg fikk ikke vite noe.

Min sønns rettigheter er brutt, relasjoner er ødelagt. Dette var en tilfeldig historie fra en internasjonal skole, en skole for barn fra øvre sosiale nivå. Når ikke ledelsen av en slik skole har kunnskap, kan vi bare gjette på hva som skjer på offentlige skoler, poengterer «Jennifer».

### Så kors på veggen

Hennes kollega «Mira» forteller om en film som er blitt godt kjent i Egypt. Den forteller historien om en gutt som de to første ukene av skoletiden skjulte at han var kristen. Kanskje var det flere kristne i klassen, men det visste han ikke. Han deltok til og med i koranundervisningen.

Men da en muslimsk klassekamerat en dag ble med ham hjem, oppdaget klassekameraten et kors på veggen. Han forstod at gutten var kristen. Nyheten gikk som ild i tørt gress på skolen. Det ble vitsing, erting og mobbing. Han ble gjort narr av fordi han spiste under ramadan, så han lot være å spise.

En annen venn lærte ham å tilpasse seg - å «danse som de andre», å klippe håret slik at han så mer ut som en muslim. Han endte i slåsskamp med den største bølla blant de muslimske elevene.

De ble oppdaget av rektor. Ingen vant slåsskampen, og begge fikk straff. Gutten ble for første gang ikke straffet fordi han var kristen, og den muslimske gutten fikk samme straff som den kristne. Guttenes mødre godtok begge straffen for slåssingen.

– Han var ikke i slåsskamp fordi han var kristen, selv om det startet med erting og mobbing for troen. Det ble en vanlig slåsskamp, uten en vinner. For første gang var den kristne gutten jevnbyrdig med en muslim. Det var lærdommen i filmen.

### Lærer barna empati

– *Så hvordan arbeider dere med barn?*

– Vi har ikke aktiviteter som direkte handler om religion. Vi lærer dem empati, lærer dem hvordan det er å «gå i den andres sko». Vi introduserer alt gjennom enkle leker. Vi lærer dem å forstå hva diskriminering er, hva innlevelse er, hva andre føler, hva konflikt er og hvordan konflikter kan løses. Vi lærer dem å kommunisere uten å skade andre, og vi lærer barn å godta at vi også er ulike. Det er viktige grep for å forme en ny generasjon, sier «Jennifer» og «Mira». ■

” For første gang var den kristne gutten jevnbyrdig med en muslim. Det var lærdommen i filmen.

«Mira»





# BRENDE HEIMAR, KYRKJER OG BIBLAR

Berre korset står igjen i ei utbrend kyrkje.



Den pakistanske menneskeretts-kommisjonen fryktar at den muslimske mobben som raserte og brende kristne nabolag i Pakistan, er del av ein større hatkampanje mot kristne.

TEKST: JOHANNES MORKEN.  
FOTO: HFO OG KROSS KONNECTION

■ **Onsdag 16. august**, grytidleg om morgonen. I eit fattig kristent nabolag i Jaranwala, eit industriområde nær byen Faisalabad i Pakistan, spreier panikken seg.

Frå høgtalaren i ein moske blir det ropt at to kristne ungdomar skal ha vanæra Koranen. Det vert påstått at nokre koransider var funne utanfor huset deira. Fleire tusen blir mobiliserte til angrep. Ei rasande folkemengd vert frakta inn eller kjem frå andre landsbyar.

Dei fryktar det som vil skje. Folk frå 500 kristne familiar flyktar til slektningar andre stader eller ut i åkrane med høge sukkerrøyr for å berga livet. Dei får hjelp av dei muslimske naboane sine.

### Vandaliserte 25 kyrkjer

Mobben er væpna med stokkar, jernstenger, fyrstikker og høgbrennbart materiale. Dei tenner på hus. Møblar blir kasta ut av kyrkjer. Folkemengda ropar på galgen for dei to brørne, mobben trugar med å ta livet av dei to på eiga hand. For dei treng verken bevis eller rettssak.

Nokre timar seinare er minst 22, og kanskje så mange som 25, kyrkjer vandaliserte og brende. Krossar frå kyrkjer ligg knuste på bakken. Biblar er brende. I kristne heimar er alt knust før husa er blitt sette fyr på. 91 hus er totalt øydelagde.

– Eg har knapt ord for å skildra øydeleggingane og fordømma brotsverket, seier Sobia Shah frå Human Friends Organization (HFO). HFO er støtta av Stefanusalliansen.

Sobia Shah og tre kollegaer var raskt på plass i Jaranwala for å møta offer og samla fakta om endå eit brutalt angrep på eit heilt samfunn på grunn av skuldning om blasfemi.

– Mange berre gråt, seier Sobia Shah om inntrykket då ho kom dit berre timar etter angrepet.

### Alt er øydelagt

Ei av dei som har mista alt og sit skrekkslagen tilbake, er Beeto Fazal.

– Den valdelege mobben trengde inn i huset vårt. Alt som ikkje vart stole, vart knust eller brent, fortel ei fortilva Beeto til Sobia Shah i HFO-teamet. Shah har sendt Stefanusalliansen opptak av intervju ho har gjort.

Beeto budde saman med mora Nasreen og brørne Ahsan og Adnan, som er dagarbeidarar. Mora arbeidde som hushjelp for fleire familiar. Beeto hjalp mora i huset. Med ei symaskin sydde ho dameklede for å spe på inntekta.

Ei gråtande Beeto viser Sobia rundt i huset der det ikkje finst noko igjen. Alt er knust eller brent. Symaskina er knust. Møblane er knuste, klede er brende. Matoljen er tømt utover golvet. Det som var av mat, er øydelagt. Dei har ingenting å eta og ingenting å sitja på i huset. Flammane har sleikt opp etter veggene. →



Søstera til Beeto skal gifta seg om kort tid. Mora hadde gjort klar medgifta for den eldste dottera. Men gull, kontantar og andre verdisaker er stolne. Sparepengane hennar er borte. Familien var fattig frå før, no har dei ingenting igjen.

– Vi bygde dette huset med kjærleik, no er alt øydelagt, seier Beeto mellom tårene.

Inntil vidare får dei bu hos slektningar. Men det kan ikkje vara.

### Prest slo alarm

I nabolandsbyen ein kilometer unna blei Shabaz Masih, som arbeider i ei kyrkje, alarmert av ein prestekollega tidleg 16. august. Prestekollegaen ringte frå ein politistasjon for å fortelja at Shabaz Masih måtte evakuera alle straks.

– Eg sende barna mine til slekt i Rawalpindi. Sjølv klatra eg opp på eit tak for å sjå kva som hende. Ein rasande mobb nærma seg, leia av ein muslimsk mullah. Dei ropte slagord om å øydeleggja husa våre, fortel Masih i intervju med Sobia Shah frå HFO.

